

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inge Kårevik	FA - D11	16/54

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2016	Formannskapet	PS	23.02.2016

Temaplan for idrett og friluftsliv Modalen kommune

Forslag til vedtak:

Modalen kommune starter opp arbeidet med å utarbeide ein temaplan for idrett, folkehelse og friluft jf. §10-12 i plan og bygningslova. Som politisk representant blirvalt til å vere med i planarbeidet. Formannskapet vil vera styringsgruppe for planarbeidet.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Modalen kommune vedtok i 1994 Kommunedelplan for anlegg og område for idrett. I 2008 vart det utarbeidd frilufsplan for Modalen kommune, denne vart ikkje lagt fram for godkjenning til kommunestyret. Tida er forlengst inne til å rullere desse planane, dette gjer vi ved å slå dei to planane saman til ein «Temaplan for idrett og friluftsliv»

Temaplan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet vil omfatte både idrett og friluftsliv. Temaplanen består av ein tekstdel og et handlingsprogram med tiltak.

Den skal og ta føre seg fleire anleggstypar, samtidig som rehabilitering og vedlikehald skal vere ein del av planen. Målet med planen er å leggja til rette for betre helse og auka trivsel for folk i kommunen vår.

Målet med ny temaplan for idrett og friluftsliv i Modalen kommune er:

- Styrke det lokale idretts- og friluftsarbeidet
- Utforma mål for kommunen si satsing på feltet
- Utforma mål for anleggsutbygging og sikring av areal for idrett og friluftsliv
- Gjennomføra resultatvurdering av førre plan og utarbeida statusoversikt
- Kartleggja og verdsetja friluftsområde for ulike brukargrupper
- Kartleggja nærmiljøanlegg og uteområde knytt til skule og barnehage
- Vurdera langsiktige og kortsiktige behov for både anlegg og aktivitet
- Vurdera Modalen sin rolle som regional aktør
- Utarbeida prioritert handlingsprogram for idretts- og friluftsanlegg
- Utarbeida oversikt over forventa kostnader knytt til drift og vedlikehald
- Utarbeida uprioritert liste over langsiktige behov for anlegg

- Utforma o versikt/kartgrunnlag for eksisterande og planlagde anlegg og friluftsområde

Kulturdepartementet har sett krav om eigne planar for anlegg og område for idrett og friluftsliv for å kunne søkje om spelemidlar. Dette for at anleggutbygginga skal bli gjenstand for klare behovsvurderingar i forhold til samfunnsmessige og idrettspolitiske mål. Planane skal bidra til å unngå at prioriteringar vert gjort ut i frå kortsiktige behov og på bakgrunn av press frå særinteresser. Kulturdepartementet har også sett krav om at anlegg med stor kostnad, anlegg som krev store areal og kan vere ei miljøbelastning, skal styrast av ein regional plan (tidl. fylkesdelplan), og dette gjeld anlegg som t.d. alpinanlegg, symjehallar, fleirbrukshallar og kunstgrasbaner.

Denne planen skal legge til rette for at innbyggjarane i Modalen kan drive idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet ut i frå eigne ynskje, behov og føresetnader.

Planen skal avklare Modalen kommune og organisasjonane sine oppgåver og ansvar, og økonomiske forpliktelsar ved utbygging og drift av anlegg og områder for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.

Planstatus

Planlegginga skjer etter bestemmelsane i plan og bygningslova. Det kan utarbeidas eit handlingsprogram for bestemte virksomhetsområder, som eks temaplan for idrett og friluftsliv.

Rullering av plan for idrett og friluftsliv vil bli utarbeidd i samsvar med pbl § 10-4. Temaplanen vil ikkje vera juridisk bindande med omsyn til areal.

Framdriftsplan:

Oppstart planarbeidet sommar 2016 med mål om å avslutta arbeidet ved årsskiftet 2016/2017

Formannskapet - 014/2016

FOR - behandling:

Inge Kårevik orienterte om saka

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune starter opp arbeidet med å utarbeide ein temaplan for fysisk aktivitet, folkehelse og friluft jf. §10-12 i plan og bygningslova. Som politisk representant blir Tom Kristian Thorsen valt til

å vere med i planarbeidet. Formannskapet vil vera styringsgruppe for planarbeidet.